



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 30.03.2023
Vår ref.: 202210198-10 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 21/9592 - 23/18615

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE si fråsegn - Ny høyring av søknad om dispensasjon - Søknad om etablering av bru og parkering - Gnr. 185 bnr. 35 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 07.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for å etablere bru over elv, og parkering. Dispensasjonssøknaden gjeld dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag. Søknaden har vore på høyring hjå oss to gonger tidlegare, men er no noko endra.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, overvatn, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVE si fråsegn

NVE er nøgde med at de no ynskjer å utvide elvelaupet for å gi meir plass til vassdraget. Vi legg til grunn at tiltaket blir handsama etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, i samsvar med tidlegare innspel frå oss, og statsforvaltaren sitt brev datert 22.03.2023.

Det er sendt med ei ny overvassvurdering/flaumberekning. NVE har ikkje kvalitetssikra denne. I vår førre fråsegn datert 30.09.2022 viste vi til store avvik i høve til flaumverdiar henta frå NEVINA, samt til NVE rettleiar 07/2016 sitt kapittel 6.5 om Mikrofelt. Dersom der er usikre på resultatata, kan de krevje uavhengig kontroll etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 14-3.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND